

Helselaget takkar alle som støtta demensaksjonen.

28.09.2019



Helselaget takkar fotballjentene for god hjelp med å dekke dei 15 rutene i Uskedalen. F.v: Joa Saghaug Kroka, Anja Måkestad Smith, Linnea Hauge og Anna Framnes Thorsen.

Uskedal Helselag vil med dette takka alle for god støtte ved innsamlingsaksjonen Saman mot Demens. Resultatet vart kr. 23.600,- Då er gåver på Vipps rekna med. Snittet dei siste åra har vore kr. 22.000,- Helselaget vil særleg takka medlemmer frå fotballjentene i Uskedalen som var med og gjekk med bøsser. Takk også til helselagsmedlemer og andre frivillige.

Uskedal Helselag er kvart år engasjert i Demenesaksjonen ved innsamling og gåver til arbeidet for å førebyggja den kroniske sjukdomen. Innsamla midlar går til forskning og tiltak som kan letta kvardagen for ei stor gruppe demensramma personar.

Om lag 80 000 personar er ramma av demens i Noreg. Det er rekna med at talet vert dobla i tida fram mot 2040. Demens rammar eldre, men minst 4 000 brukarar er under 65 år. Mange, som har demens, er sjølvne merksame på sjukdomen og endringane som skjer. Nokre manglar denne innsikten.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Eli Roseth Eik